

Årsmelding 2017 Lom Knipsarlag

Årsmøtet var på Loarsenteret 14. februar 2017 og 11 medl. møtte fram.

Styret har i 2017 vore slik

Leiar	Per Bådshaug
Nestleiar	Tore Odden
Sekretær	Liv Marie Øyjordet
Kasserar	Asbjørn Myrhaug
Styremedl.	Steinar Hov
Vararepr.	Leif Kvåle
Valgkomite	Svein Ovesen og Olav M Bø
Revisjon	Odd Husom og Erling Synstnes

Medlemskontingent: Enkeltmedl. Kr. 450,- / Familiemedl. Kr. 550,- / Student/pensjonist kr. 350,-
Medlemskap i NSFF inngår i kontingenten.

Møter og aktivitetar i 2017

Det har vore 2 styremøter og 11 medlemsmøter. På 2 av medlemsmøtene var vi ute og fotograferte i nærmiljøet (febr. og april) og 2 møter var turar- til Raubergstulen i juni (5 deltakarar) og til Stymme i august (4 deltakarar).

Arbeidsmøter med kalenderbilete og bilete til utstilling og framsyning. Vi hadde utstilling av bilete på Loar under Fjordingsmartnan 23-25/6 og framsyning på skjerm i Utgard under «Lomsfest» 27-29/10.

Vi har hatt minikonkurranse på 4 av medlemsmøtene. Vinnarbilete er lagt ut på heimesida.

Knipsarlaget vart spurt om einkvan kunne vera med i jury for bilete til utstilling på Fjellsenteret i 2018. Liv Marie vil delta der.

Ingen deltok på NSFF sitt årsmøte og fototreff i 2017.

Det er sendt inn bilete til årboka for NSFF av 4 medl. så vi er sikra å få med noko der.

Etter søknad om kulturmidler, fekk vi kr. 9000,- frå kommunen.

Kalenderarbeidet gjekk rimeleg greitt og det har vore tilfredstillande salg, for Lomskalenderen 2019 satsar vi på «før og nå – bilete frå 1960-70 talet» som nå er eit halvt århundre sidan.

Det vart gjort innkjøp av A3 foto- blekkskrivar i mars.

Steinar Hov har hatt ansvar for heimesida siste året.